

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
036/17	Levekårsutvalet	PS	30.05.2017
	Kommunestyret	PS	

Saksbehandlar	ArkivsakID
Atle Vaage	15/2489

## Saksframlegg vedtekter kommunalt nærmiljøfond

### Vedlegg :

VEDTEKTER FOR LINDÅS KOMMUNE NÆRMILJØFOND (L)(259258)

## Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Framlegg til vedtekter for Lindås kommune sitt nærmiljøfond vert vedtekne slik dei ligg føre.

.....

### Levekårsutvalet - 036/17

#### LE - behandling:

Orientering til saka v/Eileen Feste sakshandsamar adm.Kultur og aktivitetar

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

#### LE - vedtak:

#### Innstilling i Levekårsutvalet - 30.mai 2017:

Framlegg til vedtekter for Lindås kommune sitt nærmiljøfond vert vedtekne slik dei ligg føre.

**Saksopplysningar:**  
**Politisk handsaming**

Saka har vore til uttale i Lindås Idrettsråd.

Saka skal til innstilling i Levekårsutvalet

Saka skal avgjerast i Kommunestyret

**Bakgrunn**

I samband med arbeidet med Kommunedelplan for Idrett, aktivitet og friluftsliv i 2016, kom det fram at det er få eller ingen initiativ frå lokale lag og organisasjonar for å få bygt fleire nærmiljøanlegg i Lindås.

Vanskar med å finansiera anlegga, er truleg ei av dei viktigaste årsakene til dette. Særleg er det problematisk at det kan vera lang ventetid på utbetalingar frå spelemiddelordninga. Vidare at mange tilskotsordningar frivillige kan søkja på, først gjev utbetaling etter at laget sjølv har måtta ta store utlegg. Ein såg difor at det kunna vera eit behov for å forskottera utgifter for dei frivillige.

Frå andre kommunar har ein sett at ideen med eit kommunalt nærmiljøfond har vore med og gjera det lettare for frivillige som ønskjer å få i gang dugnadsprosjekt. Det vart difor tatt inn i Kommunedelplan for Idrett, aktivitet og friluftsliv 2016-2024 at Lindås skulle oppretta eit fond storleik 2 000 000,-

Vedtektene er formulert slik at spelemidlar dei frivillige får inn, vert tilbakeført fondet. Det er og opna for at ein liten del av finansieringa kan gjevast som ordinært tilskot.

Vidare er det føreslått krav om skriftleg avtale mellom kommunen og utbygger, for å sikra at forhold kring drift og vedlikehald er avklart.

Framlegget vart sendt på høring til Lindås Idrettsråd 23/2, med uttalefrist 31/3. Ved utløp av fristen vart uttale etterlyst ved direkte kontakt med leiar i idrettsrådet. Det er ikkje mottatt uttale.

**Vurdering**

Framlegg til vedtekter fastslår storleik på forskottering som er i tråd med den

maksimale kostnaden for nærmiljøanlegg ein kan søkja spelemidlar for.

Krav om skriftleg avtale mellom kommunen og utbyggjar vil sikra gjennomføringa og oppfølginga av anlegga som vert bygt.

Krav om at søknadarar skal vera i tråd med regelverket for spelemidlar, sikrar anleggsutvikling i tråd med det kommunen ønskjer. Dette kravet betyr i praksis at berre anlegg som oppfyller Kommuneplan for idrett, aktivitet og friluftsliv kan få midlar frå fondet.

Trass spelemiddelordninga, er det framleis slik at utbyggjarar av nærmiljøanlegg må skaffa til vege ein stor del av pengane sjølv. Rådmannen finn det difor rimeleg at vedtektene for fondet har opning for å gje eit mindre beløp som reint tilskot. Samstundes er det ikkje ønskeleg at det reine tilskotet blir så høgt, at det medverkar til at prosjekt vert sett i gang utan at utbyggjar har tilstrekkeleg plan for gjennomføring og drift.

.....